



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## 2 fastlegevikariat i tilsaman inntil 180% stilling

### Stillingsinformasjon

Grunna awikling av ulike permisjonar er det ved Frekhaug legesenter ledig fastløna fastlegevikariat ut året.

Det reelle behovet vil variere, men vil ligge rundt 160-180% fram til 1. november, og 80% vidare ut året.

Stillingsomfang kan diskuterast med interesserte søkjarar.

Legesenteret har i alt 7 fastlegar, inkludert kommuneoverlege. I tillegg har senteret turnuslege, jordmor og helsesekretærer.

### Arbeidsoppgåver

Vikaren vil ha listeansvar for inntil 1100 listepasientar, eller to kortare lister. Kva liste ein vikarierer på vil variere noko.

Det vil kunne bli behov for offentleg legearbeid inntil 1 dag pr. veke, knytt til helsestasjon.

Ein må kunne delta i daglegevakt i rotasjon mellom legane, og i interkommunal legevaktordning utanom arbeidstid.

### Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som lege.

Gode kunnskapar munnleg og skriftleg.

Godkjend politiattest.

Eвне til samarbeid vert tillagd avgjerande vekt.

### Vi tilbyr

Eit travelt og triveleg arbeidsmiljø, med hyggelege pasientar og tilsette.

Løn etter avtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 17.03.2019

Utlyst dato 26.02.2019

Vårref

137/19

### Kontaktperson

Tord Moltumyr, Helsesjef/kommuneoverlege, tf: 56171120, tord.moltumyr@meland.kommune.no